

Utkast til konsesjonsvilkår for Husnes helikopterplass, Sunde

1 Konsesjonshavaren sitt ansvar

Handeland Gard AS (org 986417192) er konsesjonshavar og ansvarleg for å driva og inneha landingsplassen i samsvar med konsesjonsvedtaket og de tilhøyrande konsesjonsvilkåra.

Konsesjonshavaren er ansvarleg for at konsesjonsvilkåra vert gjort tilgjengelege for brukarar av landingsplassen.

2 Bruk av landingsplassen

Landingsplassen er til privat bruk, og kan berre verta brukt etter løyve frå konsesjonshavaren. Forsvars-, politi og luftambulanseoppdrag er likevel tillate, og kan bli føretatt utan løyve frå konsesjonshavaren.

Landingsplassen kan verta brukt måndag til fredag mellom k. 0700 og kl. 1900, og helge- og heilag dagar mellom k. 0900 og kl. 1900, med mindre det vert fastsett operative restriksjonar gjennom teknisk og operativ godkjenning etter luftfartsloven § 7-11. Landingsplassen kan unntaksvis verta nytta utanom desse tidene.

Konsesjonen gjeld eit trafikkomfang på maksimalt 1040 flyrørslar i løpet av ein periode på tolv månader, og maksimalt 20 flyrørslar per veke. Konsesjonshavaren skal føra logg over talet på flyrørslar, der dato og tidspunkt for flygingane går fram. Luftfartsstyresmaktene kan bestemma at konsesjonshavaren skal senda inn trafikkdata for landingsplassen.

Landingsplassen skal hovudsakeleg bli nytta til persontransport for konsesjonshavaren.

3 Miljøkrav

Konsesjonshavaren har ansvaret for at det vert utarbeidd inn- og utflygingstrasear i samarbeid med lokale styresmakter. Gjeldande inn- og utflygingstrasear skal samsvara med dei traseane som ligg til grunn for de støyutrekningane som følgde med konsesjonssøknaden.

4 Varslingsplikt

Konsesjonshavaren skal varsle luftfartsstyresmaktene om fysiske eller juridiske endringar knytt til landingsplassen dersom endringa er av ein slik karakter at ho kan ha tyding for vurderinga av vilkåret allmenne omsyn, jf. luftfartslova § 7-6 første ledd. Det same gjeld for større endringar i bruk av landingsplassen. Varslinga må skje i god tid før endringa finn stad slik at luftfartsstyresmaktene kan ta stilling til om endringa føreset endra konsesjon.

5 Dispensasjon

Når særlege grunnar tilseier det, kan luftfartsstyresmaktene dispensera frå konsesjonsvilkåra.

6 *Endring, tilbakekall og gebyr*

Luffartsstyresmaktene kan endre konsesjonsvilkåra i konsesjonsperioden.

Konsesjonen kan verta tilbakekalla dersom konsesjonsvilkår, lovføresegner eller forskrifter som gjeld for konsesjonshavaren si verksemd, på vesentleg måte blir brotne under utøving av verksemda.

Luffartsmyndigheten kan gi pålegg om gebyr for brot på forskrift til den som driv eller innehar landingsplassen i strid med konsesjonsvilkåra.

Luffartstilsynet